

Kartverket  
Postboks 600 Sentrum  
3507 HØNEFOSS

Dykker ref. Vår ref. Dato  
15/830-36/KES 17.03.2022

## Vinje kommune – Åsbogdalen – tilråding

Me syner til eit brev som Kartverket skreiv til Vinje kommune 4. januar i år og til eit svarbrev som kommunen skreiv til stadnamnenesta i Språkrådet 17. februar. (Kartverket skal ha fått ein kopi av svarbrevet frå kommunen.)

Saka gjeld eit stølsnamn og to avleidde namn (eit dalnamn og namnet på ei tjørn). I 2020 vart det gjennomført namnesak for dalnamnet, og 11. november det året vart det vedteke at dette namnet skal skrivast *Åsbogdalen* i offentleg samanheng. Det har i ettertid komme inn opplysningar om at det har vore vanleg i seinare tid å nyta uttalen «Åsbekkdalen», og det var med tilvising til desse opplysningane at Kartverket tidleg i januar i år valde å ta saka opp att.

### Det primære stølsnamnet

I vedtaksbrevet frå november 2020 skreiv Kartverket at eit namn med forma *Åsbog* er førd opp i den samlinga med stadnamn frå Rauland som er arkivert i heradsregisteret, og at dette namnet skal ha vore knytt til ein tidlegare støl i det aktuelle området. Me er samde med Kartverket når dei skriv at det må vera dette namnet som ligg til grunn både for dalnamnet og for namnet på den nemnde tjørna. I det nye høyrbrevet (brevet 4. januar i år) skreiv Kartverket at det var ønskjeleg å få inn meir nøyaktig informasjon om kor stølen har lege. Me kan ikkje sjå at det i dei fråsegnene som har komme inn den nye høyrbunden er sagt noko noggrant om kor stølen låg. At det har funnest ein støl med namnet *Åsbog*, er stadfest i ei fråsegn som har komme frå Rauland Historielag. Historielaget skriv at stølen «er nemnd i stykke av Birgit Landsverk i Årsskrift for Rauland Historielag 2008, Staular og staulsliv Rauland, då som staul under garden Brekka», og det blir lagt til: «Me har ingen nærmere informasjon om denne.» (Sjå det avsnittet i fråsegna frå historielaget som har tittelen «Staulen Åsbog». Me syner til den biletfila som inneheld kopiar av alle dei innkomne høyrbrevane.)

### Registrerte avleiingsnamn

Historielaget skriv at ein lærar med namnet Aslak H. Svalastog registrerte ein del stadnamn frå området i 1980. I namnesamlinga til Svalastog er Einar Vaagen (f. i 1911) førd opp som informant for namneformene *Åsbogdalen* og *Åsbogmyran*, og Halvor Skeie (f. i 1917) er registrert som heimelsmann for formene *Åsbogjønni* og *Åsbogpytten*. (Dei to informantane var i si tid grunneigarar på gardane Brekka og Nordre Skeie.) Historielaget opplyser at Svalastog «har skrive både Åsbogdalen og Åsbokdalen i sine notatkort».

Historielaget har fått opplyst frå Kjell Bitustøyl som «voks opp i Åsbogdalen der også besteforeldra [...] budde» at «dei alltid sa Åsbogdalen». (Sjå avsnittet med tittelen «Tidlegare bruk av namnet Åsbogdalen»)



**Postadresse**  
Postboks 1573 Vika  
NO-0118 Oslo

**Besøksadresse**  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 Oslo

**Sentralbord**  
+47 22 54 19 50

**E-post**  
post@sprakradet.no  
**Internett**  
www.sprakradet.no

**Organisasjonsnummer**  
971 527 404

Laget reknar det som mest sannsynleg at andrelekken i primærnamnet heng saman substantivet *bog* (/*bug*), som då er brukt om noko (i landskapet) som har «bogeform». Me finn grunn til å støtta denne tolkinga. Mellom anna finst denne namnelekken andre stader i Telemark, truleg med nettopp denne tydinga. Kjell Venås nemner her *Jambogtjønna* i Nissedal (*Norsk innsjønamn IV, Telemark fylke*, 2002, s. 217f.), og det gjeld kanskje også *Åbogstjønn* i Fyresdal. (Her kan førelekken også vera *olboge*.) Vidare er det i SSR registrert fleire likelydande namn, mellom anna *Åsbogtjønni* (Kviteseid) og *Åsbog* (ein busetningsplass i Nissedal).

I fråsegna frå dei som skriv at dei har adresse i «Åsbekkdalen», blir det opplyst at namnet har hatt den uttalen lenge og vidare at bekken samstundes heiter «Rugebakk», sjølv om ein meiner det hadde vore meir naturleg å kalla han «Åsbekken».

Historielaget har òg tankar om kva som kan ha gjort at andrelekken har fått ei vriding til «-bok-» og «-bekk-» i den munnlege namnetradisjonen. (Sjå avsnittet med tittelen «Åsbogtjønn/Åsboktjønn/Åsbekktjønn -lydendring».) Det kan tenkjast at den lydlege forklaringa som historielaget her nemner, har noko føre seg, men det er vel så tenkjeleg at endringa har skjedd som ei omtolking av namnet, kanskje særleg i samband med skriftfesting av det, eventuelt i kombinasjon med lydlege tilhøve. Uansett er det godt grunnlag for å rekna at uttalen med *-bekk-* er resultat av ei omdanning som bryt med den opphavlege tradisjonen.

I fråsegna frå historielaget er det understreka at her er ingen bekk med namnet *Åsbekk* eller *Åsbekken* og at den største bekken i dalen heiter *Rugebakk*.

Den noverande grunneigaren på bruk 3 på garden Brekka, Lars Vaagen Solbakken, skriv slik om det han meiner er rette, nedarva namneformer: «Jeg har alltid brukt Åsbogdalen og Åsbogmyri om området, og Rugebekken om bekken som renner ned fra myri sør for Åsbogtjønni. Dette har jeg fra min bestefar, Einar Vaagen (1911-1987), som var sønn av Sivert Vaagen, oppvokst på Brekka, og eide/drev gården. Området ble brukt til dagbeite for kyr og til utmarksslått, noe som også stemmer med Kartverkets uttalelse i saken.» (Sjå den biletfila som har tittelen «Vinje kommune – Åsbogdalen eller Åsbekkdalen – høyningsfråsegner».)

Odd Skeie skriv blant anna dette: «Mine foreldre sa alltid Åsbogdalen og Åsbogtjønni, og det er denne nemninga eg brukar.» Vidare skriv han at det er «utvilsamt at namnet Åsbogtjønni er rett nemning på denne tjønni».

#### *-tjønni* eller *-tjørni*

Dei gjeldande reglane for skrivemåten av norske stadnamn gir opning for bruk av skrivemåten *tjønn* som ei regional form. I Vinje kommune er det gjennomført namnesak for drygt førti namn som inneheld namnelekken *tjønn* / *tjørn*, og i alle desse tilfella er det skrivemåten *tjønn* som er vedteken. I fire av dei aktuelle sakene dreier det seg om namn der etterlekken er bunden eintalsform av hokjønnsordet. Skrivemåten med *i*-ending blir tilrådd og vedteken konsekvent i Vinje kommune.

#### Endeleg tilråding

Me tilrår at skrivemåtane **Åsbog**, **Åsbogdalen** og **Åsbogtjønni** blir vedteke som offisielle former.

Med helsing frå

Rune Røsstad  
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims  
seksjonssjef

Kjell Erik Steinbru  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

**Mottakar:**

Kartverket

Postboks 600 Sentrum3507

HØNEFOSS

**Kopi til:**

Vinje kommune